



Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår referanse
21/5616 22/2443

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Magnar Selbervik

Dato
01.02.2022

Fråsegn til søknad om auka uttak grunnvatn i Barstadvik

Vi s

Yner til søknad frå AquaGen AS avd Produnda. Søknaden gjeld løyve etter vassressurslova § 45 om auka uttak av grunnvatn frå 9,7 l/s til 26 l/s med eit gjennomsnittleg uttak over året på 505 000 kbm (16 l/s). Nokre brønner ligg innanfor anleggsområdet til AquaGen og er regulert til næringsområde. Brønnane på motsett side av E39 ligg på areal som i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF sone C med følgjande føresegn:
"Landbruks, natur- og friluftsområde. I desse områda kan det berre gjevast løyve til bygging og frådelling i samband med tradisjonell stadbunden næring som har direkte tilknytning til landbruket. Oppføring av fritidshus kan tillatast men berre på svært strenge vilkår og dersom sektormyndre ikkje har merknader. Nokre av dei registrerte viltområda i høve viltregisteret til fylkesmannen ligg i denne sona. Det vert synt til temakart nr 8"

Det gjeld også ei 50 meters vernsone langs Storelva med slik føresegn:
Der ikkje anna er bestemt ved reguleringsplan, er det langs desse vassdraga forbod mot byggje- og anleggstiltak nærare strandlina enn 50 m målt ved gjennomsnitt flomvasstand (jfr. pbl § 81, 84, 86a, 86b og 93). Føresegna gjeld ikkje forbyggingstiltak i samsvar med forbyggingsplan etter vassdragslova og kommunaltekniske anlegg»



Næraste produksjonsbrønn (B32) ligg ca 80 meter frå Storelva, medan peilebrønnen Pb 8 ligg under 10 meter frå elva. Storelva er førebygd på den aktuelle strekninga, men førebygginga har skadar etter flaum og forsøk på gjenoppretting. Etablering av nye brønner vil bidra til å oppretthalde behovet for denne sikringa.


Søknaden gjeld uttak av grunnvatn frå 12 produksjonsbrønner plassert på ei rekke på tvers av dalen, dette for å fange opp straumen av grunnvatn som går mot nord. Det vert synt til at den naturlige straumen av grunnvatn er på ca. 96 l/s og søknaden gjeld ca 1/4-del av dette.

Det vert synt til at det er liten grad av samanheng mellom vassføringa i Storelva og grunnvassnivået. Auka uttak av grunnvatn skal difor ikkje påverke vassføringa i Storelva.

Søkjar vurderer at det er liten konflikt med annen arealbruk og syner til at det er inngått avtaler med grunneigarane for boring og vassleidningar. Vedkomande det kommunale vassverket vert det synt til at det i peilebrønner nærast vassverket (Pv_vvk) har vore liten endring i grunnvassnivået ved prøvedrift av brønnane. Vi legg her ved utskrifta av eigne målingar av grunnvasstand ved kommunen sine brønner frå 2013 – 2022.

Kart over produksjons- og peilebrønner med tilhøyrande klausuleringssoner er synt i søknaden. Sone 0 er då sjølve brønnområdet med 5 *5 meter.

Innhaldet i klausuleringa er derimot ikkje klart, men vi tolkar søknaden slik at etablering vil gje restriksjonar på bruk av sprøytemiddel og husdyrgjødsel i sone 0 og 1. Det vil også kunne kome restriksjonar på beiting, gravearbeid, lagring av petroleumsprodukt og kjemikaliar og behov for nye tiltak mot avrenning frå E39, men det synes uklart om dette gjeld berre sone 1 eller også sone 2. Både sone 1 og 2 omfattar eksisterande dyrka areal.



Som eigar av vassverk vil kommunen peike på at uttaket ikkje må ha negativ innverknad på vasskvalitet, eller tilgjengeleg mengde til vassverket. Dagens uttak av råvatn ved vassverket er på 35 000 kbm år. Det må takast høgde for at behovet vil kunne auke i framtida.

I følgje søkjar skal ingen av brønnane ha installasjonar over bakkenivå, men få kumlok i plan med terrenget. Kommunen har tidlegare vurdert brønner omtala som B5 og tilhøyrande pumpehus. Omfanget i høve arealbruk er no vesentleg større og etablering vil medføre

Ørsta kommune
Dalevegen 6
6153 Ørsta

www.orsta.kommune.no
postmottak@orsta.kommune.no

Sentralbord: 70 04 97 00
Org. nr: 939 461 450
Kontonr: 3992.07.30144

restriksjonar på bruken husdyrgjødsel, sprøytemiddel og beiting nære brønnane, på eit betydeleg areal med dyrka jorda. Sjølve brønnane ligg likevel i ytterkant av dei dyrka areala.

Vi syner til momenta som er kommentert ovanfor og kjem til at spørsmålet om arealbruk, med etablering av permanente produksjonsbrønner med tilhøyrande klausuleringssoner lyt handsamast som ein dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel om det vert gitt løyve etter vassressurslova. Dette då etablering som omsøkt vil gje restriksjonar og gjere det vanskelegare med tradisjonell landbruksdrift i eit område som er sett av til LNF. Ved slik handsaming lyt nøyaktig innhald i klausuleringane også vere klart.

Vi har elles ikkje avgjerande merknader til søknaden utover å peike på at nye grunnvassbrønner ikkje må gå utover den kommunale vassforsyninga.

Med helsing

Gunnar Wangen
fagleiar

Magnar Selbervik
miljøvernrådsgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
AquaGen AS

Vedlegg
Nivå grunnvannsbrønner Barstadvika 3